

200604188-2



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

Statsråden

Oslo Kommune
v/Byrådsleiar Erling Lae
Rådhuset
0037 OSLO

Deres referanse

Vår referanse
200500452-/KAF

Dato

19 DES 2006

Oppfølging av vårt møte 24.11.06

Eg viser til hyggeleg møte fredag 24. november, der vi diskuterte ulike forhold omkring staten sin eigedom på Bygdøy og planlagd tomteutnytting rundt den nye operabygningen.

Båt plassar

Som eg sa i møtet, så er staten sitt utgangspunkt å vidareføre det same talet båtplassar på sin eigedom på Bygdøy som tilfellet er i dag. KNS og Killingen Båtforening er orientert både om dette og at staten sitt utgangspunkt er at dei som har plassar i anlegget i dag får vidareført desse i eit nytt anlegg. Staten har også gitt signal om at ein er villig til å vurdere flytebru mellom staten sin eigedom og øya Killingen, men at denne må vere open for ålmenta, bortsett frå på (sein) kveld/natt. Eg ventar på ei tilbakemelding frå grunneigaren på øya Killingen om dette.

Opprusting av Bygdøy Sjøbad

Staten vil freiste å gjennomføre einskilde tiltak for at Bygdøy Sjøbad skal bli eit meir attraktivt badeområde allereie sommaren 2007. Tida er knapp, og det hastar derfor å komme i gong med prøvetaking av botnsediment, forlenging av drensleidning m.m. Staten vil i fyrste omgang prioritere å ruste opp strandareala.

Drift og forvaltning av friluftsområda på Bygdøy

Det vil vere ein fordel om Oslo kommune kunne ta på seg ansvaret for å drifte og forvalte friluftsområda på Bygdøy. Oslo kommune har eit forvaltningsapparat med lang erfaring frå slikt arbeid. Eg oppfatta at du var positiv til å sjå på dette. Staten opplever at Friluftsetaten har trekt seg ut av dei områda der staten er grunneigar, sjølv om dette i fyrste rekkje er verdifulle friområde som kjem Oslos innbyggjarar til gode. Eg håper derfor vi kan finne ei løysing på dette, og at Oslo kommune kan ta eit initiativ til å drøfte forvaltninga med Statsbygg og Norsk Folkemuseum.

Eigedomen Schiøtts vei 8

Eigedomen Schiøtts vei 8 er naboeigedomen til det store kommunale friområdet på Huk. Det var semje om at denne strandparsellen bør sjåast i samanheng med, og forvaltest saman med, kommunen sine område på Huk. Eg vil derfor ta initiativ til at denne kan overførast vederlagsfritt til Oslo kommune, med klausul om tilbakefallsrett dersom kommunen ønskjer eigedomen nytta til anna enn friluftsfornål.

Trafikking av Bygdøy med båt

Trafikkbelastninga på Bygdøy er eit stort problem på fine utfartsdagar. Det var semje om at det bør vurderast nye anløp for ferjetrafikken. Både Oscarshall, Paradisbukta og Bygdøy Sjøbad – kan hende òg Bestumkilen – er aktuelle plassar i den samanhengen. Eg ber om at du vurderar korleis Oslo kommune kan gå vidare med dette. Eg er innstilt på at kommunen kan få etablere nye fergeanløp på staten sin eigedom, innafør dei nemnde områda.

Regulering av området

Departementet meiner det er viktig at øya Killingen og sundet mellom øya og fastlandet vert inkludert i det reguleringsarbeidet som Oslo kommune har starta på Bygdøy. Så langt er det ikkje tilfellet. Bygdøy Sjøbad/Killingen er nok det området som har størst trong for meir ordna forhold, slik at mellom anna badeområde, bryggeanlegg med vidare vert ordna og teikna inn på eit formelt reguleringskart.

Tomteutnytting rundt den nye operabygningen

Eg er glad for det signalet som no er gitt om at kommunen i samråd med Hav Eiendom AS på ny vil sjå på utnyttinga av tomtene rundt operaen, og regulere eigedomane på nytt etter ein arkitektkonkurranse. Det er trong for å redusere byggjevoluma mellom operaen og Oslo S, og det er positivt at Byrådet ynskjer å regulere om med sikte på lågare utbyggingsvolum, noko større plassdanningar og betring av siktlinjer til operaen. Vi kan ikkje risikere å stenge inne eit flott monumentalbygg som operaen, når ein òg nyttar fleire milliardar på vegomlegging for å kunne skape eit attraktivt miljø i Bjørvikaområdet.

Eg forstod deg slik i møtet at Byrådet relativt raskt vil ta initiativ til å setje i gong arbeid med reguleringsendringar i tråd med kva det vil vere eit klart fleirtal for i Oslo bystyre. Det verkar fornuftig å ikkje opne ein ny diskusjon om heile reguleringsplanen for Bjørvikaområdet, som kan setje heile byutviklinga i fare, eller utsetje prosessen slik at operaen vert liggjande i eit tungt trafikkbelasta område lenger enn det som no ligg i planane.

Med helsing


Heidi Grande Røys